



Mange er glade i bygda vår som feriestad, men vi tillet oss å utnemna Bitten (73) og Erik Mack (85) til dei største Uskedalen-entusiastane. Det gjeld i det minste dei som kjem sjøvegen. Sidan dei to kom til Uskedalen første gongen for 25 år sidan har dei kome att gong på gong.

- Når vi kjem til Uskedalen, kjem vi heim, seier Bitten og Erik. Ho er bioingeniør og han fysikar og dei har budd på Storetvedt det meste av livet.

Første gongen dei kom til Uskedalen var i ei 25 fots snekke og båthamna var berre nokre bøyer utanfor Sandakaaien. Sidan har dei vore her fleire gonger kvart år og gledd seg over utviklinga av kaien.

- Vi startar sesongen i Uskedalen og slutter han også av her. Vi er i Uskedalen i inntil ei veke om gongen, fortel paret.

Dei er også innom andre hamnar i Sunnhordland-området, men deira konklusjon er at ingen kan måla seg med Uskedalen. Husnes, som toppar landsstatistikken også dette året, har dei aldri vitja. Dei har sett hamna frå landsia, men den fristar dei ikkje og dei kan ikkje forstå kvifor den har topp-plassering. – Uskedalen burde ligga på toppen i staden, meiner dei.

Bitten og Erik nemner tur-moglegheitene først når **uskedalen.no** spør om grunnane til at dei kjem att gong på gong. Dagen før var dei i Eikedalen og no står Muradalen for tur. Før var dei ofte på Storhaug. Viss det er for varmt, ruslar dei rundt dalen.

Den gode servicen til båtvertane Birger Myklebust og Leon Gundersen er neste punkt på skrytelista til bergensparet. Dei er ikkje minst imponert over at det alltid er så reint og ryddig i hamna. Og så er dei begeistra for butikken og dei alltid like blide ekspeditørane.

Biten og Erik har vorte kjend med mange hyggelege folk i Uskedalen.

- Folk er så vennlege her, der er alltid ei glede å komma hit, seier Bitten og Erik Mack.

Av Ola Matti Mathisen